



Felles Landbrukskontor ÅLA

Administrativt vedtak

Saksnr	Utval
	Formannskapet

Saksansvarleg:	Knut Fredrik Øi
Arkivsaknr.:	Arkiv
17/80-8	K2 - K40
	Sakshandsamar
	Knut Fredrik Øi,
	Dato
	22.06.2017

Tildeling av fellingsløyve hjort og elg 2017 - Årdal kommune

Kort samandrag:

Vedteke målsetjinga for hjortebestanden i Årdal er i planperioden 2016-18 å stabilisera bestanden. Avskyting dei siste åra, med fokus kalv/ungdyr gjer at bestanden truleg har vore i vekst. Dette vert underbygga av sett-hjort-materialet, sjølv om metoden framleis er «fersk».

I kjølevatnet av CWD-problematikken hjå villrein i Nordfjella, har forutsetjingane for bestandsstorleik endra seg siden bestandsplanen vart vedteke. Mattilsynet og Miljødirektoratet peikar på at hjorteviltbestandane i randsona til Nordfjella bør reduserast med 20-30% for å minska smittepresset frå villrein til anna hjortevilt. Ei auka avskyting av hjort/elg vil også gje fleire prøveresultat som vil vera sentralt for det vidare arbeidet med CWD.

Avskytinga av hjort i Årdal vart auka med over 30% i 2016. Ei ytterlegare auke i uttaket er ønskjeleg som førebyggjande tiltak i CWD-samanheng. Årdal kommune meinar at avskytinga bør aukast frå 2017, men at dette kan gjerast innafor rammene av vedteke bestandsplan, med dei fellingsløyva som er tildelt. Det er 60 unytta fellingsløyve frå 2016 som kan nyttast. Desse kan fellast av valdet sjølv, eller dei kan flyttast til andre vald gjennom enkle privatrettslege avtalar. Dette vil krevja målretta arbeid i bestandsplanområdet, men er god grunneigarstyring.

Det er etter dialog med styret i bestandsplanområdet, søkt Miljødirektoratet om endra jakttid på elg i kommunen. Ordinær jakttid for elg er 25. september-23. desember. Omsøkt jakttid er den same som for hjort; 1. september-23. desember. Info om dette kjem når det er fatta vedtak i saka.

Vedtak:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt, stadfester Årdal kommune vedteke tildeling av fellingsløyve for hjort i tråd med vedteke bestandsplan. Det er totalt 636 fellingsløyve i planperioden 2016-18. Unytta fellingsløyve frå 2016 kan nyttast i 2017, totalt 60 løyve.

Årdal kommune tildelar 12 fellingsløyve på elg.

Årdal kommune tilrår at fellinga av hjort og elg i 2017 vert auka, innafor rammene av bestandsplanen.

Tiltaket er vurdert etter Naturmangfoldlova

Vedlegg:

Løyvetildeling Årdal 2017 hjort

Elgvald Årdal innfylt 2017

Anbefaling til kommuner om å vurdere bestandsreduksjon av hjortevilt

Skrantesjuke og reduksjon av hjorteviltbestandene i Nordfjella- og Selbu-området

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

- Forskrift om forvaltning av hjortevilt – rundskriv (heretter kalla Hjorteviltforskrifta)
- Forskrift om jakt- og fangsttider samt sinking av egg og dun for jaktsesongene fra og med 1. april 2017 til og med 31. mars 2022 (heretter kalla Forskrift om jakttider)
- Naturmangfaldlova

Saksutgreiing

Årdal kommune godkjente i 2016 oppretting av Årdal bestandsplanområde for hjort, og bestandsplan for dette området i perioden 2016-2018. Målet for planperioden var å stabilisera hjortebestanden på 2015-nivå, etter tilgjengeleg kunnskap. Planen omtala fordeling av fellingane på kjønn og alder, og meinte at produksjonen i stamma ga rom for å auke uttaket for å nå målsetjinga om stabilisering. Kvota vart auka med om lag 30% og fellinga vart auka med 30-40%. Sett-hjort-materialet, samt det faktum at fellingane dei siste åra har hatt auka fokus på uttak av kalv og ungdyr, framfor vaksne dyr, gjer at det er god grunn til å tru at bestanden har vore i vekst. Om det auka uttaket bidreg nok nok å stabilisera, gjenstår å sjå. Milde vintrar med lite snø gjer at det er grunn til å tru at overlevelsen har vore god.

Etter at bestandsplanen for hjort i Årdal vart vedteken, har forutsetjingane for bestandsstorleik endra seg i kjølevatnet av påvisninga av skrantesjuke på villrein i Nordfjella. I vedlagte brev frå Miljødirektoratet og Mattilsynet, vert det oppmoda om at kommunane kring Nordfjella legg til rette for ein bestandsreduksjon av hjorteviltet. Dette gjeld også Årdal kommune. I saneringsplanen for villrein i Nordfjella er bestandsreduksjon i randsona skissert til å vera 20-30%. Styret i Årdal bestandsplanområde har i lag med administrasjonen diskutert situasjonen, men har avventa meir konkrete tilrådninger, jamfør den allereie auka avskytningsa.

Vurdering

Situasjonen viltforvaltninga står ovanfor i ljós av skrantesjuka er ekstraordinær. Kommunen som offentleg organ skal etter beste evne søkja å etterleva dei tilrådingar som kjem frå kompetente statlege organ. Signal frå Mattilsynet/Miljødirektoratet er at bestandane av hjortevilt kring Nordfjella skal reduserast med 20-30%. Dette gjer at kommunen lyt strekkja seg langt for å leggja til rette for at jakttrettshavarane skal klara å felle monaleg meir hjort enn ved «normalsituasjonen». Det er lagt opp til ein dialog med Mattilsynet og aktuelle kommunar etter endt jakt 2017 for å laga ein plan for nå ønska bestandsreduksjon. All felt hjort/elg/rådyr over 1,5 år skal prøvetakast for CWD, jamfør pålegg frå Miljødirektoratet. Eit auka uttak vil såleis også bidra til eit auka tal prøvar. Dette er sentralt for å vurdera eventuell førekommst av CWD hjå andre hjorteviltartar enn villrein, og vil difor vera premissleverandør for den vidare forvaltninga av både villrein og anna hjortevilt.

Rådmannen meinar at det bør leggjast til rette for eit auka uttak også i Årdal, til tross for den auka avskytningen i 2016. Organiseringa av bestandsplanområdet for Årdal er no etablert og

fungerer etter kommunen sitt syn godt. Å endra tildeling av fellingsløyve frå det offentlege etter kun eit år i bestandsplanen, meinar rådmannen er uheldig. Samstundes meinar rådmannen at det er gode moglegheiter for å auka avskytninga innafor dei rammene som er vedteke. Dette vil krevja ein høgare utnytting av tilgjenglege løyve. Til dømes er det 60 fellingsløyve frå 2016 som ikkje vart nytta. Ved å nytta moglegheitene for å flytta fellingsløyve mellom vald og mellom år, kan fellingstalet aukast utan at det er trong for ein ny og revidert plan. Dette vil vera å visa tillitt til den etablerte grunneigarstyringa. So langt er det ikkje kjent for kommunen at det har vore flytta fellingsløyve mellom vald. Å fokusera på dette som verkemiddel i år, meinar rådmannen vil vera å støtte opp om den etablerte strukturen på grunneigarnivået. Dette vil krevja arbeid med saka internt i bestandsplanområdet. Rådmannen vil vera med på dette arbeidet.

Hjortviltforskrifta § 16 gir vald med godkjent bestandsplan i eit bestandsplanområde høve til å overføra fellingsløyve mellom åra i bestandsplanen og mellom vald. I kommentarene (rundskrivet) til forskriftena er dette utdypa. Normalt skal kommunen kunna godta ei flytting av fellingsløyve frå år til år på inntil 10%. Kommunen skal likevel nytta skjønn ved fastsetting av dette. Situasjonen med skrantesjuke i området er ekstraordinær. I fyrste året av bestandsplanperioden er det totalt 60 fellingsløyve som ikkje vart nytta. Ved at desse løyva i større grad vert sett i omløp, meinar rådmannen at Årdal kommune handlar innafor dei signala som vert gjeve frå Mattilsynet/Miljødirektoratet i 2017. Rådmannen tilrar at alle unytta fellingsløyve frå 2016 kan nyttast i 2017. Rådmannen meinar at dette er god og målretta grunneigarstyring. Vald i bestandsplanområdet står fritt til å laga privatrettslege avtalar om flytting av fellingsløyve mellom vald. Kommunen har laga til eit enkelt skjema for slike avtalar og vil senda dette ut i lag med fellingsløyva.

Vedteken bestandsplan for hjort i Årdal er vurdert etter Naturmangfoldlova, videre er også anbefalingane frå statlege organ vurdert etter denne. Kommunen ser grunn til å leggja ekstra vekt på føre-var-prinsippet i lova (§ 9) i tematikken kring skrantesjuka. Det vil vera sentralt å auka avskytninga av hjort i Årdal ytterlegare frå og med 2017.

Det er etter dialog med styret i bestandsplanområdet, søkt Miljødirektoratet om endra jakttid på elg i kommunen. Dette som eit tiltak for å auke avskytninga av både hjort og elg. Ordinær jakttid for elg er 25. september-23. desember. Omsøkt jakttid er den same som for hjort; 1. september-23. desember. Info om dette kjem når det er fatta vedtak i saka.

Konklusjon:

Rådmannen tilrar at tal fellingsløyve for planperioden er i tråd med vedteke bestandsplan. Alle unytta fellingsløyve frå 2016 kan nyttast i 2017. Det er tildelt totalt 636 fellingsløyve for hjort i planperioden 2016-2018. Rådmannen tilrar at det vert ein auka felling i 2017, innafor dei rammene bestandsplanen gir.

Rådmannen tilrar same tildeling av fellingsløyve på elg som før, totalt 12.